# HUSNES CUP

# 20 15

Husnes idrettspark
21.-23.august

Husnes stadion fredag kl 19:
**A-kamp: Trio-Fitjar**



**HOVUDSPONSORAR FOR TRIO FOTBALL 2015**

SparebankenVest

HUSNES STORSENTER

HARDING™
www.harding.no

SKL
Energi til utvikling

# Velkomen til Husnes Cup – for 15. år på rad!

Til helga er det klart for **Husnes Cup,** IL Trio Fotball sin årvisse cup for 10-12 åringar.
**Kampoppsettet** ligg på nettsida vår og i programmet som blir utlevert i sekretariatet. Vi gjer merksam på at kampoppsettet de får utlevert i sekretariatet er det endelege. Det kan nemleg bli endringar på kort varsel. Vi vonar likevel at oppsettet som ligg på www.il-trio.no blir uendra. Vi ber dykk om å **sjekke oppsettet nøye,** og melde frå til oss (post@il-trio.no) omgåande om eventuelle feil. Ved dårleg ver kan kampar på gras kan bli flytta.

**Sekretariatet** er i Triohuset og opnar fredag kl 17.00. **Alle lag må melde seg i sekretariatet før innsjekking på skulane**. I sekretariatet får de utdelt lagkonvolutt med program, cupreglement, kampoppsett, armband (billett), matkupongar til grillinga, orientering om "Fair Play" og fotografering.

For dei som kjem over Gjermundshamn/Årsnes, følg skilting til Husnes. Det er om lag 45 minutt køyring frå Årsnes til Husnes. Når de **har teke av** riksvegen (Hellandskrysset) vil det vera skilta til Husnes Cup (gule skilt). For dei som kjem med ferje Skjersholmane/Ranavik, følg skilting til Husnes gjennom Halsnøytunnelen.

For dykk som kjem over Skånevik/Utåker, føl riksvegen og ta av ved kryss til venstre, skilta til Husnes, enten ved Reset mot Sunde, eller ved Hellandskrysset.

Eit nyttig kart finn ein på nettsida vår: http://www.il-trio.no/sider/Finne_fram_/
Adressa til Triohuset, som ein kan plotte inn på gps'en er: Røsslandsvegen 15, 5460 Husnes.

Det blir ikkje kampar fredag kveld i år. Då er det innsjekking og grillkos ved Cup-teltet. Alle deltakarar får grillmat, same kva kort dei har. Har ditt lag problem med å nå fram til grillinga (sluttar kl 21), kan du ringe sekretariatet så skal vi sjå om vi kan halda maten varm ei stund.
Sekretariatet har telefon 93 67 99 80 / 99 24 00 87.

Vi minner igjen om at det kan vera ferjekøar ein fredag ettermiddag.
**Rekne dykk god tid og køyr forsiktig!**

Som tidlegare år har vi opptog til Husnes sentrum midt på dagen laurdag. Alle klubbar får utdelt skilt med namnet på klubben. Vi oppmodar klubbar som har fane om å ta den med og nytta den.Her er det om å gjere å stase seg opp og lage liv. Beste lag i opptoget blir premiert. Skilta leverast inn til følgebilen når me er komne til Torgplassen ved Husnes Storsenter. Her blir også ein liten appell.

# Fotografering

Fotograf Helge Sunde blir å treffa i teltet mellom Triohuset og grasbanen - kan bli endring på stad dersom dårleg vèr. Følg rettleiing frå speaker!

NB! Lagleiarane må passa på at laget deira vert fotograferte laurdag mellom kl 09.30-12 og 13-15! Oppsøk fotografen så tidleg på dag som mogeleg! Ved særskildte behov, ta kontakt.

# Offisiell opning

Laurdag kl 12.00 går vi i tog til Torgplassen ved Husnes Storsenter i Husnes sentrum. Her vert offisiell opning og apell. Vi stiller opp til avmarsj ved Cup-teltet.

# Turneringsprogram:

## Fredag 21.august

17.00 Sekretariatet opnar i Triohuset (tlf. 93 67 99 80 – mobil 99 24 00 87)

19.00-21.00 Grillkos ved Cup-teltet, quiz i cupteltet, konkurransar på kunstgrasbanen.

23.00 Sekretariat stenger

23.30 Det skal vera ro på skulane!

## Laurdag 22.august

08.00-10.00 Frukost serverast i Cup-teltet.

08.40 Kampane startar

09.30-12 / 13-15 Fotografering i teltet mellom Triohuset og grasbanen, følg orientering frå speaker

11.55 Oppstilling til opptog frå Cupteltet til offisiell opning på Torgplassen i Husnes sentrum

13.30-15.00 Lunsj, brødmat serverast i Cup-teltet

12.50/13.30 Kampane startar igjen

17.00-19.00 Middag blir servert i Cup-teltet.

18.05 Kampane slutt for dagen.

20.00-22.30 Underhaldning i gymsalen på barneskulen.
Frå kl 20: Cupkveld, utdeling. Frå ca 20.30-22.30: Diskotek i gymsalen.

21.30-22.30 Leiartreff i Triohuset (på Trioloftet).

23.30 Det skal vera ro på skulane!

## Søndag 23.august

08.00-10.00 Frukost serverast i Cup-teltet.

08.40 Kampane startar

12.00-14.00 Middags-servering i Cup-teltet.

12.00-14.00 Husnes Cup vert avslutta. Utdeling av deltakarbevis og diplom
ved Cup-teltet etterkvart som laga er ferdige med kampane sine.

# Fredag kl 19: A-kamp 4.divisjon  Trio – Fitjar

Ja, då er haustsesongen igang at etter 8 veker spelefri. Ei veke ekstra pga NHH ville utsette første kampen til spelarane sine (studentane) er tilbake etter ferie. Nokre spelarar har forsvunnet ut og nye er komen inn. Me har fått inn Simon Korttila frå Rosendal, som er ein spennande kant/spiss. Lars Bernhard Heggøy er tilbake i Trio frå Vard. Lars Bernhard er ein venstrefota "potet", som kan spela stort sett over alt, men vil nok mest bli brukt på midten. Utenom at han har eit stort potensiale så er han den einaste i laget med ein god venstre fot. Nelson Santana Rodriguez har vi "henta" frå Spania. Han er forsatt ikkje heilt speleklar enno, men blir spennande å sjå kva han kan tilføre oss, når papira vert iorden og han skjønar litt meir og blir kjent med fotballen og omgivelsane. Olav Myklebust er henta opp frå egen jrstall. Han er ein treningsvillig og god forsvarsspelar. Warhel Suleman er og henta opp frå jrlaget, og er ein ei "potet" slik som Lars, og kan brukes mange plasser. Sander Saghaug Lillesletten og Vegard Johnsen er reist på skule til Sogndal og det er difor litt usikkert kor mykje desse vert med oss i haust. Elles er Roger Røssland og Aleksander Ekeland tilbake etter skade og sjukdom som sette dei utanfor mesteparten av våren.

Vi starta haustsesongen med ein OK kamp mot Gneist. Vi hadde god kontroll på dei i første omgangen og skapte dei sjansane som skal til for å score mål. Men uheldigvis så vert ballen skutt i armen til Futsum rett før pause då han prøver å blokkere eit skudd. Vi er enige i pausen om at vi må berre kjøre på vidare og at her er gode muligheter. Desverre så sovner vi litt av i nokre minutt i 2 omgang og det står plutselig 3-0. Då gjekk nok resten av piffen ut av oss og Gneist hadde god kontroll på resten av kampen. Gneist er det beste laget i vår avdeling og har eit klart mål om å rykke opp. Vi er ikkje langt bak dei i kvalitet, men må nok både ha litt tur og ein god dag skal vi slå dei på bortebane. Men for oss er det berre å sjå framover mot meir "overkommelig" motstand dei neste vekene.

Idag er det Fitjar som kjem på besøk. Dette er eitt av dei 4 lokaloppgjera i avdelinga. I vår vann me 2-1 etter ein god kamp og vi satser alt på å gjenta bedriften idag. Elles er det ekstra kjekt å spele kamp i forbindelse Husnes Cup, då er det ekstra mykje folk og god stemning. Til slutt vil eg ynskja Fitjar velkommen til Husnes og alle andre til lykke til på årets Husnes Cup.

- *A-lagstrenar Kjell Magnar Eide*

## 4.div Hordaland avd 2 sesongen 2015

| **Siste kampar** | | | **Helgas serierunde** | |
|---|---|---|---|---|
| 13.08 | Nordre Fjell-Stord2 | 2-0 | 21.08 | Trio-Fitjar |
| 13.08 | NBK-Sund | 4-1 | | Solid-Stord2 |
| 15.08 | Fitjar-Telavåg | 4-3 | | Frøya-Gneist |
| | Gneist-Trio | 3-0 | | Sund-NHH |
| | Solid-Bremnes | 6-0 | | Telavåg-Bremnes |
| | Frøya-NBK | 7-1 | | Nordre Fjell-NBK |

**Neste Triokampar:   25.08 Bremnes-Trio    05.09 Trio-Solid**

| | Lag | K | S - U - T | Mål | P |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Gneist | 13 | 10 - 2 - 1 | 38-10 | 32 |
| 2 | Frøya | 12 | 9 - 1 - 2 | 37-15 | 28 |
| 3 | Nordhordland | 13 | 8 - 1 - 4 | 31-29 | 25 |
| 4 | NHH | 11 | 6 - 2 - 3 | 28-20 | 20 |
| 5 | Telavåg | 13 | 6 - 2 - 5 | 30-30 | 20 |
| 6 | Solid | 13 | 6 - 1 - 6 | 28-21 | 19 |
| 7 | Nordre Fjell | 13 | 5 - 3 - 5 | 23-22 | 18 |
| 8 | Sund | 13 | 5 - 2 - 6 | 34-23 | 17 |
| 9 | Trio | 12 | 5 - 1 - 6 | 26-28 | 16 |
| 10 | Stord 2 | 13 | 3 - 1 - 9 | 25-40 | 10 |
| 11 | Fitjar | 13 | 3 - 0 - 10 | 15-40 | 9 |
| 12 | Bremnes | 13 | 2 - 0 - 11 | 15-52 | 6 |

GRASROTANDELEN
TRIO IDRETTSLAG

**Vil du gi din støtte til TRIO IDRETTSLAG?**
Grasrotandelen er en ordning fra Norsk Tipping, hvor du registrert spiller kan velge ett lag eller én forening du ønsker å støtte -din Grasrotmottaker. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i TRIO IDRETTSLAG!

# Banar

Alle kampar går i utgangspunktet i Husnes idrettspark, som består av:
- Husnes stadion (gras, bane 1-4)
- Kvednabekkjen kunstgrasbane (bane 5-8).
Bane 7 og 8 er 5arbanar for klasse 3, G10 år.
Ved dårleg ver kan graskampar bli flytta.

# Arrangement

Fredag: Grillkveld ved Triohuset kl. 19–21
Konkurransar:
- Quiz i cupteltet

Laurdag: Cupkveld i gymsalen på Undarheim skule kl 20–22.30
- premiering konkurranse
- premiering beste lag i opptoget
- utdeling Fair Play-pris
- diskotek ca. kl 20.30-22.30
- leiartreff i Triohuset (Trioloftet) kl 21.30 – 22.30






# SKL er hovudsponsor for barnefotballen i Trio!

SKL
Energi til utvikling

# Fair Play

Husnes Cup ønskjer å fremma gode haldningar og god sportsånd, slik at Husnes Cup vert ei positiv oppleving både for vinnarar, taparar, dommarar, lagleiarar og publikum, og for oss som arrangerer.

Etter vurdering frå dommarane og motstandarlag, vert det kåra ein *Fair Play*-vinnar. Vinnaren får gratisbillettar til ein Brannkamp eller til ein FK Haugesund-kamp, alt etter kor Fair Play-vinnaren kjem frå. Praktisk orientering ligg i lagkonvolutten, hugs å levere inn dykkar vurdering av motstandarane laurdag.



# Påmeldte lag til Husnes Cup 2015:

| **Klasse 1 - G12** | **Klasse 2 - G11 (forts)** | **Klasse 3 - G10** | **Klasse 4A - J12** |
|---|---|---|---|
| Bremnes LG12 Svortland 1 | Halsnøy G11 | Flaktveit Fox | Bremnes LJ12-1 |
| Bremnes LG12 Svortland 2 | Åkra LG11 | Austrheim FC | Bremnes LJ12-2 |
| Nordre Holsnøy G12 | Trott G11-1 | Djerv 1919 MG10-3 | Trio J12 |
| Arna-Bjørnar G12 Ytre Arna | Bremnes LG11-2 | Uskedal G10 | Haugar J12 Solvang |
| Vindafjord G12 | Nordre Holsnøy G11 | Djerv 1919 MG10-1 | Åkra LJ12-1 |
| Halsnøy G12 | Kopervik IL lag 3 | Trio G10 Valen | Åkra LJ12-2 |
| Trio Valen G12 | Gneist Komet hvit | Trio G10 Sunde | Rubbestadneset J12 |
| Odda G03-1 | Trio G11 Valen | Kringlebotn Ørn | Åsane Blåmeis |
| Odda G03-2 | Uskedal G11 | Trio G10 Husnes-1 | **Klasse 4B - J11** |
| Trio G12 Husnes | Djerv 1919 G11-4 | Trio G10 Husnes-2 | Haugar LJ11-3 |
| Trio G12 Sunde | Trott G11-2 | Fri G10 | Trio J11 |
| **Klasse 2 - G11** | Bremnes LG11-1 | | Moster J11 |
| Fitjar G11 | Austrheim United | | Fitjar J11 |
| Austrheim City | Kopervik IL lag 1 | | Uskedal J11 |
| Kopervik IL lag 2 | Tertnes G04 Titan 2 | | Trott J11 |
| Gneist Komet blå | Trio G11 Husnes | | Trio J10 |
| Tertnes G04 Titan 1 | Djerv 1919 LG11-2 | | Austrheim J10 |

# HUSNES CUP 2015 Sportsleg info

## Fair Play / Kampvert

Fair Play er viktig for oss. Som nemnt ein anna plass har vi også ei kåring om det. Vi har ikkje noko fair play-møte før kvar kamp, men laga stiller opp og helser før og etter kamp. Til ei kvar tid både laurdag og søndag har vi ei banevakt/kampvert til stades, ein på grasbanen og ein på kunstgrasbanen. Denne ser til at laga er klare før kamp og han bistår lag og dommarar i å gjennomføre kampane i god Fair Play-ånd. Han/ho har ein gul kampvert-vest på seg.

## Regelverk – nye moment

På banen held vi oss til reglane for barnefotball. Vi nyttar høvet og understreker nokre presiseringar som Hordaland Fotballkrets har kome med i år. Dette gjeld i alle klassane våre på Husnes Cup.

- <u>4-målsregel praktiserast!</u> Når eitt lag leiar med 4 mål, får det andre sette inn ein ekstra spelar (må gå ut igjen om ein kjem under 4 mål).

- <u>Frisone praktiserast!</u> Når ballen har vore ute av spel og keeper startar med målkast, skal han få frigjere ballen til ein medspelar utan å bli pressa. Motstandar skal trekke tilbake og ikkje gå i press før medspelaren har motteke ballen.
  Vi merkar ikkje fysisk opp ei presslinje, men i praksis kan dette vera midtstreken i 5ar og ca 1/4 av banen i 7ar. Viss motspelar pressar før, skal igangsettinga gjerast på nytt.

- <u>Utspark frå keeper:</u> Når keeper har ballen i hendene (uansett om det er målkast eller etter redning), kan han ikkje kaste/sparke den over midten av banen før den berører bakken. Etter redning kan keeper dog slippe ballen til seg sjølv, og så er det fritt fram.

- **Nytt i år er at lagleiing og innbyttar skal stå på eine sida av banen. Det blir inne på matta. <u>Foreldre og anna publikum må opphalde seg langs motsett langside, altså ikkje på sjølve grasmatta.</u>**

## Generelt om kamp-reglement

Kampane vert avvikla ihht NFF og HFK sine lover og regler for 7arfotball klasse lillegutt/jente. Klasse 3 (G10) spelar 5arfotball. Speletida er 2x15 min med inntil 5 min pause. Bane 1, 2, 3 og 4 er på Husnes stadion (gras). Bane 5, 6, 7 og 8 er på Kvednabekkjen kunstgrasbane. Dette kan bli endra dersom vèrtilhøva krev det. Laga skal vera klar ved banen minst 10 min før kampstart.

Kampane vert avvikla etter gjeldane kampoppsett. Dei fleste lag får 5 kampar, nokre få får 6. Ved dårlig vèr så har arrangør rett til å stryke kampar, flytte kampar og eventuelt korta ned på speletid. Lagleiarar pliktar å halde seg orientert om det er gjort forandringer i kampoppsettet kvar dag før kampene starter. Dersom det vert gjort forandringer på oppsettet i løpet av dagen vil involverte lag bli kontakta (pr SMS til registrert lagleiar). Alle spelarar som skal delta på Husnes Cup skal være registrert på deltakerlister i sekretariatet.

## Dommarane

Vi nyttar stort sett rekrutteringsdommarar og klubbdommarar som er unge og lovande, frå 14-17 år. Dei har rekruttdommarkurs/ klubbdommarkurs og er instruert også i reglane som er nemnt over.
Dei gjer så godt dei kan, men klarar sikkert ikkje jobben perfekt, dei heller. Like fullt er det dei som bestemmer og deira avgjerd må vi forhalde oss til.

Vi vonar dei blir respektert av både spelarar og lagleiarar, samt av foreldre. Skulle nokon frå din klubb gå over streken, vonar vi du som lagleiar tek tak i det.

# Øvrig reglement/informasjon

## Fair Play-vurdering

For å kåra ein Fair Play-vinnar skal alle lag vurdere motstandarane. Vurderingsskjema som er utlevert ved innsjekking skal fyllast ut og innleverast i sekretariatet etter siste kamp **laurdag!**
Laga skal vurderast utifrå oppførsel i forhold til kvarandre, motstandarar og dommar. Lagleiarar og støtteapparatet sin oppførsel skal og være med i vurderinga. Dommarane gjer også si vurdering, som vert teke med i vurderinga. Laga sin oppførsel på skulane og under matservering, vil og bli registrert.
Premien er kampbillettar til ein BRANN-kamp eller ein FKH-kamp seinare i haust (max 12 spelarar og 2 lagleiarar!).

## Regler for overnatting.

Overnatting er på Undarheim skule og Husnes Ungdomsskule, begge ligg tett på (i) Husnes idrettspark. Ved frammøte fredag blir klasserommet overlevert til ein ansvarlig lagleiar som skal overnatta saman med spelarane. Lagleiaren skal før avreise søndag sjekke ut ved å ta kontakt med vaktene for å tilbakelevera rommet ryddig og i den stand det var ved frammøte fredag.

**Ingen skal forlate Husnes Cup før dette er gjort!**

Dersom det er oppstått skade på inventar eller anna, kan klubben bli erstatningspliktig.
All bruk av ball innadørs og uvetig leik elles, er forbudt. Bruk av rusmiddel er forbode på skulane. Rusa personar har ikkje lov å opphalda seg på skulane. Det er døgnvakt i vaktrommet. Desse skal kontaktast straks dersom det oppstår noko eller ein oppdagar noko som ikkje er iht reglementet.

## Dusjing

Dusjing vil føregå i garderobane ved Undarheim skule og på Triohuset. Ein tingar seg plass ved å skrive seg opp på dusjlister som heng på dørene utanfor garderobane. Kvart lag får ein dusjtime som er 20 min pr dag. Fotballsko eller andre skitne sko, skal takast av utafor inngangen og berast med inn i klasserommet eller i garderobane.

| | | |
|---|---|---|
| Garderobane er opne: | Laurdag | 09.00-19.30 |
| | Søndag | 09.00-15.00 |

Fotballsko eller andre skitne sko må ikkje brukast inne i Triohuset eller på skulane.

## Måltider

Frukost, middag og kvelds vert servert i Cup-teltet ved Triohuset. Alle som har A- eller B-kort har fått eit gult band som skal festast på armen før ein får adgang til måltida. Bandet skal monteres slik at det ikkje kan takast av utan å klippe det av. Dersom det er problem med dette henvender ein seg i sekretariatet for hjelp og spørsmål. Dei som har C- kort skal levere billetter for grilling og arrangement dei har adgang til.
**Alle skal rydde opp etter seg og kaste bestikk og papptalerkar i bosskorgene i matsalen.**

## Premiering/fotografering

Alle deltakere får ein deltakarstatuett og diplom med lagbilete etter siste kampen søndag. Fotograferinga foregår utanfor Triohuset (eksakt stad litt avhengig av vertilhøva). Alle lag må avtale tidspunkt med fotograf. Fotograferinga foregår mellom **kl 10-12 og 13-15 på laurdag**.

**Ny utstyrsavtale for Trio**

sport 1

Husnes Sport - Telefon 53 47 14 04 – epost: husnes.sport@sport1.no

Frå januar 2013 har Trio inngått utstyrsavtale med Sport 1 Husnes. Dette gjeld ikkje berre fotball, men heile idrettslaget. Gjennom avtalen får du som medlem 20 % rabatt på alt Adidasutstyr i butikken. Det forutsett betalt kontingent/tr.avgift.

HMR
www.hmr.no

expert

SENTERET HUSNES – TLF: 53 47 18 08

FARGERIKE
Frodes Fargehandel

Telefon 53 47 17 28 – N-5460 HUSNES

SUNDE
Frisørsalong
Innehaver: Anne Elisabeth R. Mikkelsen
5450 Sunde • Telefon 53 47 72 03



STATOIL

STATOIL HUSNES

Storkiosk • Videoutleige • Varm mat

Tlf. 53 48 65 00 – Ope til 23

Betal straumrekninga med
AvtaleGiro
Enklare og billegare kan det ikkje gjerast!
KVINNHERAD ENERGI

INTO ELEKTRO
5450 Sunde - Telefon 53 48 20 30

MØBELRINGEN

**Prosjekt Konsult Kvinnherad AS**
Rådgivande ing. Byggeteknikk, Byggledelse

Postboks 107. 5480 HUSNES

Tlf. 53 48 05 05 Fax. 53 48 09 83

TANNLEGE
**PER HENRIK OPDAL**
Husnes Butikksenter
Telefon 53 47 70 00



Eg skal bli like god som Solskjær!

SparebankenVest

elfag
*Kvinnherad Elektro AS*
Vangsvegen 13, Pb. 23. 5486 Rosendal
Tlf: 53 48 28 00 – Tlf: 43 47 27 00 – Fax: 53 48 28 20
E-post: kjh@k-el.no

**Fjelberg Kraftlag**
5454 Sæbøvik - tlf. kontor 53 48 30 00

SKL
Energi til utvikling

SPAR Valen
VALEN
Telefon 53 47 17 05
*Alltid ferske kjøttvarer – velkommen til en hyggelig handel*

FYLKESNES BIL AS
HEIANE - STORD
Mercedes-Benz MITSUBISHI PEUGEOT

Grenda
- Kampreferata les du i Grenda!

SUNDE TRANSPORT AS
Husnes industriområde 5460 HUSNES Tlf: 53 47 10 28 Mobil: 97 55 47 00 Fax: 53 47 11 17
SIKKER TRANSPORT TIL OG FRA

BYGGERIET Uskedal
5463 USKEDALEN
Alt i trelast og bygningsartikler
TELEFON 53 48 61 01
FAX 53 48 61 04

Kvinnherad libris
Torghuset
Tlf. 53 47 16 26
Fax. 53 48 12 97
Kvinnherad@libris.no

REINS MASKINERING A/S
Kontor 5460 Husnes
Telefon 53 48 28 80 • Mobil 924 94 745 • Telefax 53 48 28 81
E-post: reins@reins.no

iDrift
Vi har laga heimesida til Trio, skal vi hjelpa deg og?

Alltid ferske brød og kaker – også lørdag
Din Baker
*Yngves Konditori*
Torghuset - 5460 Husnes
Telefon 53 47 22 13
Fax 53 47 16 40

SIO
SUNDE INDUSTRI & OFFSHORE
5450 Sunde Telefon 53 48 21 60

BOSCH Service
Auto 88
BILEN DIN TRENGER
BOSCH CAR SERVICE
5463 USKEDALEN
53486433
auto88@boschcarservice.no
www.auto88.boschcarservice.no
HYDRO TEXACO USKEDALEN
Hydro Texaco

BYGGER'N
TEIGEN
Teigen Bygg & Trelast, Opsangervegen 18, 5460 HUSNES
Telefon 53 47 59 10 - Telefax 53 47 11 18

HARDING™
www.harding.no



VIBE
reingjeringsservice a.s

Hordaland - Rogaland - Sogn & Fjordane - Buskerud - Oppland

Sidan etableringa i Kvinnherad i 1988 har VIBE utvikla seg til å bli ein av dei framtredande aktørane i reinhaldsbransjen.

VIBE tilbyr reinhaldstenester til privat og offentlig verksemd. Vi dekker behovet for regelmessig reinhald og periodisk reinhald som byggreingjering, hovudreingjering, nedvask, boning, vask av vindauge, teppe- og møbelrens.

VIBE har aktivitet i over 50 kommunar i 5 fylker

www.vibe.no



HUSNES®
STORSENTER

Godt utval i sportsutstyr
finn de på:

Maskinhjörnet a/s

Borggata - 5400 STORD
Telefon 53 40 31 80

Reiduns
Frisørsalong

Tlf. jobb: 53 47 32 04, priv. 53 47 20 06

YOU-WHO

– Midt i handlebyen Husnes –

GJENSIDIGE

Du finn oss i KS bank sine lokale på Husnes og i Rosendal

RØSSELAND
Gunnar Røsseland Entreprenørforr. AS, 5460 Husnes

Fjelberg Kraftlag
5454 Sæbøvik - tlf. kontor 53 48 30 00

KVINNHERAD BYGG

Telefon: 53 48 28 90 – www.kvinnheradbygg.no

DIMMELSVIKBIL
www.dimmelsvikbil.no
Tlf. nr: 53 48 30 60

sport 1
Husnes Sport - Telefon 53 47 14 04 – epost: husnes.sport@sport1.no

- service på dei fleste bilmodellar
- karosseri- og mekanisk verkstad
- delelager og service på Volvo/Renault
- service på KIA og Daihatsu
- godkjent av Biltilsynet for tilstandsrapport

Inneh.: Øystein Ynnesdal og Rune Hjelmeland

Gunstige prisar
– rask og god service

Kontakt oss!
Husnes MOTOR as
KAROSSERI OG MEKANISK VERKSTAD
5460 HUSNES
Telefon 53 47 15 11
Fax 53 47 25 41

SPAR
– du kjenner oss
Husnes Storsenter – Telefon 53 47 16 44




ALUMINIUM FOR
FRAMTIDSGENERASJONANE

SØRAL er ein
støttespelar i lokalmiljøet

SØRAL
Sør-Norge Aluminium AS

REMA 1000
bare lave priser
Tlf.: 53 47 16 20 • Fax: 53 47 20 39

KVINNHERAD
BIL&TEKNIKK
Telefon: 53 48 48 48
Fax: 53 48 46 51
www.bilogteknikk.no

Bømlo Fitjar Kvinnherad Stord Tysnes
102 år
1902 – 2004
Di lokalavis!
Sunnhordland
Boks 100, 5401 Stord - Tlf 53 45 00 00 - Faks 53 45 00 01
e-post: redaksjonen@sunnhordland.com
www.sunnhordland.com

## Velkomen til Husnes idrettspark!



Velkommen til Husnes Idrettspark og Husnes Cup 2015!
Til fjorårets Husnes Cup sto den nye løpebanen akkurat ferdig. Husnes stadion har vore gjennom ei kraftig oppgradering. Grasmatta og løpebanen fekk ny drenering og løpebanen er fullstendig renovert med flunkande nytt dekke, med tilhøyrande nytt utsyr, som gjev grunnlag for stor vekst i friidrettsmiljøet. Massane frå den gamle løpebanen er nytta til å lage ei 930 meter lang trimløype rundt stadionområdet. Den er fint gruslagt med stabbesteinar i enden mot vatnet og har ei «universell utforming» som gjer at den er tilrettelagt for alle. No er også lys montert i løypa for den mørke tida, og tribuna er oppgradert. Ta deg gjerne ein tur rundt løypa, om du har ei ledig stund på cupen.

Heile Trio har vore med på dugnad for å få realisert dette, og me er kry av vårt nye anlegg. Nemner særleg Onsdagsgjengen vår, ei samling dugnadsviljuge pensjonistar, samlast ein dag i veka for ymne forefallande dugnadsarbeid i lag med kaffi og drøs. Planane om vidare utvikling er også på gang. Sandbane er i emning og vi jobbar for eit ekstra kunstgrasfelt der grusbanen ligg i dag.

Trio vil ynskja velkommen til mange kjekke arrangement i åra som kjem, her er alle velkomne!

## Kjekk cup på Ål for Trio G14

Smågutelaget deltok sist helg på Ål Cup, der nær 100 lag var samla til dyst under arrangørklubben sitt hundreårsjubileum. Vi reiste med 20 gutar og stilte både 11ar- og 7arlag, så det vart mykje speletid på alle. Elles innførte vi ein såkalla 50%-regel, som betyr at alle spelarar som er med i ein kamp, skal spele minst 50% av kampen. Det fungerte veldig bra, vi har for så vidt i stor grad praktisert denne tidlegare og.



Sportsleg gjekk det over all forventning. 11arlaget vann første kampen og med 4 poeng i gruppa vart det 2.plass. Sidan kun 4 lag gjekk til A-sluttspel, vart det B-sluttspel på oss. Der gjorde vi ein fantastisk innsats i semifinalen, og slo ut Nordsiden-Askøy i ein forrykande spanande kamp. I B-finalen var det slutt på kreftene og vi tapte 0-2 for Hemsedal. 7arlaget gjorde det enda betre. To sigrar og ein uavgjort i innleiinga gav puljesiger og A-sluttspel. Der møtte vi sterk motstand i andre puljevinnarar. Øyer Tretten var veldig fysisk sterke og slo oss i semifinalen, og vi tapte også bronsefinalen mot Kringlebotn. Dermed 4.plass av 12 lag og det er vi veldig nøgde med. Elles ein veldig kjekk tur for både gutane og dei vaksne som var med. No gler vi oss til haustsesongen, som allereie er i gong for vår det. Kanskje skal vi på Regy Cup i Haugesund også ☺

# Kampoppsett Husnes Cup 2015

Her følgjer kampoppsettet for helgas turnering. Det er presentert på følgjande vis:

- Først fullstendig oppsett etter tid for kampstart (side 16-19).
- Så følgjer klassevis oppsett (side 20-24).

| **Kampoppsett Husnes Cup 2015** | | | | | **Bane 1 - 4: på grasbanen** | **Bane 5 - 8: kunstgras** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | G12: Klasse 1. | G11: Klasse 2, tre puljer: A, B, C. | |
| | | | | | G10: Klasse 3 (5ar). | J12: Klasse 4A. J11: Klasse 4B. | |
| **Laurdag 22.august** | | | | | | | |
| **Knr** | **Dag** | **Tid** | **Bane** | **Klasse** | **Heimelag** | **Bortelag** | **Res** |
| a001 | lør | 08:40-09:15 | Bane 1 | 2A | Trott G11-1 | Åkra LG11 | |
| a002 | lør | 08:40-09:15 | Bane 2 | 2A | Tertnes G04 Titan 1 | Halsnøy G11 | |
| a003 | lør | 08:40-09:15 | Bane 3 | 2A | Austrheim City | Gneist Komet blå | |
| a004 | lør | 08:40-09:15 | Bane 4 | 2A | Fitjar G11 | Kopervik IL lag 2 | |
| a005 | lør | 08:40-09:15 | Bane 5 | 4A | Åkra LJ12-2 | Haugar J12 Solvang | |
| a006 | lør | 08:40-09:15 | Bane 6 | 4A | Bremnes LJ12-1 | Trio J12 | |
| a007 | lør | 08:40-09:15 | Bane 7 (5ar) | 3 | Flaktveit Fox | Djerv 1919 MG10-3 | |
| a008 | lør | 09:20-09:55 | Bane 1 | 2B | Trott G11-2 | Kopervik IL lag 3 | |
| a009 | lør | 09:20-09:55 | Bane 2 | 2B | Nordre Holsnøy G11 | Trio G11 Valen | |
| a010 | lør | 09:20-09:55 | Bane 3 | 2B | Uskedal G11 | Gneist Komet hvit | |
| a011 | lør | 09:20-09:55 | Bane 4 | 2B | Djerv 1919 G11-4 | Bremnes LG11-2 | |
| a012 | lør | 09:20-09:55 | Bane 5 | 1 | Bremnes LG12 Svortland 1 | Odda G03-1 | |
| a013 | lør | 09:20-09:55 | Bane 6 | 4A | Bremnes LJ12-2 | Rubbestadneset J12 | |
| a014 | lør | 09:20-09:55 | Bane 7 (5ar) | 3 | Trio G10 Husnes-1 | Djerv 1919 MG10-1 | |
| a015 | lør | 10:00-10:35 | Bane 1 | 2C | Bremnes LG11-1 | Austrheim United | |
| a016 | lør | 10:00-10:35 | Bane 2 | 2C | Kopervik IL lag 1 | Trio G11 Husnes | |
| a017 | lør | 10:00-10:35 | Bane 3 | 2C | Tertnes G04 Titan 2 | Djerv 1919 LG11-2 | |
| a018 | lør | 10:00-10:35 | Bane 4 | 1 | Nordre Holsnøy G12 | Odda G03-2 | |
| a019 | lør | 10:00-10:35 | Bane 5 | 4B | Trio J10 | Uskedal J11 | |
| a020 | lør | 10:00-10:35 | Bane 6 | 4A | Åkra LJ12-1 | Åsane Blåmeis | |
| a021 | lør | 10:00-10:35 | Bane 7 (5ar) | 3 | Uskedal G10 | Austrheim FC | |
| a022 | lør | 10:00-10:35 | Bane 8 (5ar) | 3 | Fri G10 | Trio G10 Valen | |
| a023 | lør | 10:40-11:15 | Bane 1 | 1 | Bremnes LG12 Svortland 2 | Trio G12 Husnes | |
| a024 | lør | 10:40-11:15 | Bane 2 | 1 | Halsnøy G12 | Arna-Bjørnar G12 Ytre Arna | |
| a025 | lør | 10:40-11:15 | Bane 3 | 1 | Trio Valen G12 | Trio G12 Sunde | |
| a026 | lør | 10:40-11:15 | Bane 4 | 4B | Fitjar J11 | Moster J11 | |
| a027 | lør | 10:40-11:15 | Bane 5 | 4B | Trio J11 | Trott J11 | |
| a028 | lør | 10:40-11:15 | Bane 6 | 4B | Haugar LJ11-3 | Austrheim J10 | |
| a029 | lør | 10:40-11:15 | Bane 7 (5ar) | 3 | Kringlebotn Ørn | Trio G10 Sunde | |
| a030 | lør | 10:40-11:15 | Bane 8 (5ar) | 3 | Trio G10 Husnes-2 | Flaktveit Fox | |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| a031 | lør | 11:20-11:55 | Bane 1 | 1 | Odda G03-1 | Vindafjord G12 | |
